

## Saksprotokoll

---

**Organ:** Formannskapet  
**Møtedato:** 09.06.2021

---

**Arkivsaksnr.:** 20/5054-41  
**Saksnr.:** 50/21

### Saksprotokoll - Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030

#### Handsaming:

**Rådmannen rår plan- og forvaltingsutvalet til å gje slik tilråding:**  
**Plan- og forvaltingsutvalet rår formannskapet til å gjere slikt vedtak:**  
**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Samfunnsplanen for Sogndal kommune 2021-2030 vert vedteken slik han ligg føre, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15.
2. Rådmannen får fullmakt til å justere skriffarge for endringar frå raudt til svart før planen vert gjort offentleg.

#### Habilitet:

#### Endringsframlegg:

Frå Henny-Kristin A. Navarsete, Arbeidarpartiet:

- Nytt punkt, under punkt 2, «Best på oppvekst»:  
«Det skal utarbeidast ein heilskapleg handlingsplan mot sosial ulikskap.»

Frå Trude Risnes, Venstre:

1. Best på oppvekst  
Resultatmål 3:  
Nytt punkt: Jmf. innspel frå Sogndal kulturråd: «Legge til rette for at skular og barnehagar har rom og utstyr som inspirerer til kulturelle aktivitetar, og bruke kulturtilbodet i kommunen aktivt i skule og barnehage»

2. Resultatmål 5, tillegg i tittel: Jmf. innspel frå Sogndal kulturråd: «Lokalsamfunn som innbyr til fritidsaktivitet, kulturelle opplevingar og sosiale møte»
3. Ny tittel for «Satsingsområde – Aktive og meningsfulle liv» (erstattar «Skapt for aktiv livsstil»)
4. Ny tittel for resultatmål 2: «Ein kommune som mobiliserer til fysisk aktivitet og meningsfulle liv»
5. Resultatmål 4, tillegg i tittel: Jmf. innspel frå Sogndal kulturråd: «Stor breidde i organiserte og eigenorganiserte fysiske og kulturelle aktivitetstilbod»
6. Nytt punkt: Jmf. innspel frå Sogndal kulturråd «Styrke kulturtilbodet ved å legge til rette for samarbeid mellom amatørar og profesjonelle utøvarar»
7. Nytt punkt, jmf. innspel Sogndal ungdomsråd: «Tilretteleggje kunst-, kultur- og kreative tilbod for born og ungdom.»
8. Fruktbare tettstader  
Framlegg til justert innleiande tekst:  
«Fruktbare tettstader er særleg retta mot:  
Handels- og tenestenæringa, kultur- og opplevingstilbod – Desse næringane og tilboda er ein viktig ingrediens i tettstadene våre»
9. Resultatmål 1, Attraktive tettstader som tilbyr varierte funksjonar og gir trivsel, justert punkt a) «Ta ei aktiv rolle i bustad- og tettstadutvikling, gjennom å legge til rette for og stimulere samarbeid, og styre gjennom langsiktig og føreseieleg planlegging. Bustad- og tettstadpolitikken må tilpassast lokale behov og føresetnader»
10. Nytt punkt: «Samarbeide med bransjeaktørar og grupper av innbyggjarar om å utvikle konsept for minihus, som modell for fortetting på bygdevis, både i tettstadene og knytt til grender og gardstun»
11. Nytt punkt: «Vurdere etablering av tverrfagleg samansett bustadkontor som verktøy for heilskapleg bustad- og tettstadutvikling.»
12. Resultatmål 2 Inkluderande tettstader som involverer innbyggjarane og verksemdene  
Nytt punkt: «Vidareutvikle biblioteket som lågterskel møteplass for kunnskap, debatt og kulturopplevingar for alle»
13. Resultatmål 4, justert mål:  
«Miljøvenlege og reine tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi- og ressursbruk»
14. Nytt punkt: «Etablere ordningar og samarbeid som hindrar forsøpling og forureining på offentleg og privat grunn»
15. Justert punkt under resultatmål 6: Jmf. Statsforvaltaren  
«I tettstader og bygde miljø, etablere ferdsselsvegar langs fjorden og lågterskel nærturvegar med universelle tilkomststar og opne snarvegar»

16. Utviklingslokomotiv for Sogn

Nytt punkt under punkt 1. Sogndal bidreg sterkt til å løfte satsingar som kjem heile regionen til gode

«Gå i spissen for å ivareta Sognefjorden som attraksjon i verdsklassen; ein rein og sunn fjord med gode vilkår for natur- og artsmangfaldet»

17. Prinsipp for arealplanen

Justert punkt 23: jmf. statsforvaltarens uttale

«I tettstader og bygde miljø, etablere ferdselsveggar langs fjorden og lågterskel narturvegar med universelle tilkomst og opne snarveggar.»

Frå Arnstein Menes på vegne av Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti:

18. Endring i punkt 3 b: «Prioritere rasskring og gul midtstripe på riksveggar og utgreie bru mellom Mannheller og Fodnes for å knyte bu- og arbeidsmarknadsregionen tettare saman.»

19. Endring i punkt 3 c: «Prioritere å bygge alliansar for aust-vestaksen mellom *kysten* og Hønefoss med tunnel under Hemsedalsfjellet»

20. Nytt punkt 3d), som endring til tilrådinga frå Plan og forvaltning: «Arbeide for utbetring av Rv. 13 og realisering av Vikafjellstunnelen»

Frå Vibeke Johnsen på vegne av Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet:

21. Under fruktbare tettstader, ny setning: «Kultur og frivilligheit i form av deltaking i kulturopplevingar og kulturarbeid, aktiv samfunnsdeltaking og organisasjonsarbeid er sentralt her.»

Frå Gunnhild Bøyum, Høgre:

22. På side 10, tillegg etter tekst i punkt J:

«Etablere gode samarbeid med grunneigarar om, og arbeide aktivt for, tilkomst og parkering som gjer utfartsområde tilgjengelege for ålmenta»

### **Avrøysting:**

Framlegget frå Trude Risnes på vegne av Venstre fekk to røyster frå V (1) og KrF (1), og framlegget var forkasta.

Framlegget frå Henny-Kristin A. Navarsete, Arbeidarpartiet fekk to røyster frå Ap (1) og KrF (1), og framlegget vart forkasta.

Framlegget frå Gunnhild Bøyum, Høgre vart vedteken samrøystes.

Framlegget frå Vibeke Johnsen på vegne av Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet vart vedteken samrøystes.

Framlegga frå ordførar Arnstein Menes på vegne av Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vart vedteken samrøystes.

Tilrådinga frå Plan- og forvaltningsutvalet (pkt. 1 og 2) vert vedteken samrøystes.

Tilleggspunkta frå Plan- og forvaltningsutvalet kom ikkje opp til avrøysting.

**Dette gir følgjande vedtak:**

**Rådmannen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gje slik tilråding:**

**Plan- og forvaltningsutvalet rår formannskapet til å gjere slikt vedtak:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Samfunnsplanen for Sogndal kommune 2021-2030 vert vedteken slik han ligg føre, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med følgjande endringar:

Endringar i Utviklingslokomotivet Sogn, side 14:

- Endring i punkt 3 b: «Prioritere rasskring og gul midtstripe på riksvegar og utgreie bru mellom Mannheller og Fodnes for å knyte bu- og arbeidsmarknadsregionen tettare saman»
- Endring i punk 3 c: «Prioritere å bygge alliansar for aust-vestaksen mellom kysten og Hønefoss med tunnel under Hemsedalsfjellet»
- Nytt punkt som endring til tilrådinga frå Plan og forvaltning: «Arbeide for utbetring av Rv. 13 og realisering av Vikafjellstunnelen»

Ny setning under fruktbare tettstader, ny setning:

- «Kultur og frivilligheit i form av deltaking i kulturopplevingar og kulturarbeid, aktiv samfunnsdeltaking og organisasjonsarbeid er sentralt her.»

På side 10, tillegg etter tekst i punkt J:

- «Etablere gode samarbeid med grunneigarar om, og arbeide aktivt for, tilkomst og parkering som gjer utfartsområde tilgjengelege for ålmenta»

2. Rådmannen får fullmakt til å justere skriftfarge for endringar frå raudt til svart før planen vert gjort offentleg.